



Notat

Dato: 22.03.2018
Arkivsak: 2018/9750-1
Saksbehandlar: torrtl

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Grep mot matsvinn i HFK

I samband med handsaming av budsjett for 2018 vart det fatta følgande vedtak i fylkestinget 12.12.2017 (PS 105/2017):

«Matsvinn og matkasting er ei stor utfordring. Kvart år kastar kvar nordmann i snitt 42 kg mat som kan etast. Hordaland fylkeskommune skal i 2018 utarbeida ein strategi for å redusera matsvinn og matkasting i fylkeskommunale verksemder.»

Som oppfølging av vedtaket i fylkestinget har fylkesrådmannen etablert eit samarbeid med Beredt, som driftar kantinene i fylkeshuset, på fagskulen, Amalie Skram vgs, Ado Arena og Nordahl Grieg vgs.

I første omgang vart det gjort ei kontrollmåling av omfanget av matavfall ved kantina i fylkeshuset i veke 7. Dette vart så følgd opp med ein innstrammingsperiode i veke 8 der ein gjorde tiltak for å redusere mengda av matavfall. Tiltaka var mellom anna å ha mindre ferdig mat ståande framme, til fordel for heller å kunne lage varer og rettar på bestilling, og opphenging av plakatar ved avfallsstasjonane for å bevisstgjøre kantinebrukarane.

Samanlikninga av måleresultata i veke 7 og 8 viste ein reduksjon i avfallsmengda frå 47 kilo til 33 kilo – til saman ein reduksjon på 33 prosent. Sjølv om det er tale om ein monaleg reduksjon, er det likt til at mengda avfall er tett knytt til menyen, og at nokre typar varer og rettar vil gje meir avfall enn andre. Til dømes vil rettar med bein, som til dømes salt kjøt og raspeballar, bidra til å dra opp snittet.

Måleperioden viser at sjølv små grep kan gje gode resultat. Vidare potensial for forbetring er særleg knytt til rutinar for møtemat og styrka tilrettelegging for kjeldesortering. Fylkesrådmannen vil følgje opp dette vidare i samarbeid med Beredt.

Innstrammingsrutinane for å redusere matsvinnet er no fast innført i kantinene som Beredt driftar for HFK. For å oppretthalde den gode praksisen, vil Beredt legge opp til månadlege målinger i kantina i fylkesbygget. Det vil bli foretatt tilsvarande kontrollmålinger også ved dei andre kantinene som Beredt driftar for HFK. Det vert også sendt ut enkle tips til reduksjon av matavfall til andre einingar i fylkeskommunen der det vurderast å vere potensial for reduksjon av matavfall.

Fylkesrådmannen vil kome attende med eit samla oversyn for reduksjon av matavfall for heile 2018.